

Olje- og energidepartementet
v/olje- og energiminister Terje Aasland
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Dato	16.02.2023
Vår referanse	2023/882-13
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Thorbjørn Aarethun
E-post	Thorbjorn.Aarethun@vlfk.no
Telefon	92058252

Flaumsikring av fylkeskommunal infrastruktur

På møte i Vestlandsrådet, 7.februar 2023, vart det vedteke følgjande uttale inn mot arbeidet med varsla St.meld. om framtidig politikk på flom- og skredområdet;

«Vestlandsrådet meiner det er viktig å tilpasse og utbetre fylkesvegnettet for å møte klimaendringar. Hyppigare ekstreme naturhendingar i form av blant anna styrtregn, flaum og skred påverkar kritisk infrastruktur. I tillegg til dei økonomiske konsekvensane påverkar det og tryggleiken til befolkninga. Det er utfordrande å finne økonomisk handlingsrom for å klimatilpasse fylkesvegnettet, då dette kjem i tillegg til kostnaden til det store vedlikehaldsetterslepet i dei tre fylka.

Fylkeskommunane vert stilt i ein svært krevande situasjon når statlege myndigheiter, som NVE, oppfordrar til å gjere utbetringar på infrastruktur knytt til fylkesvegnettet, som elles ikkje ville blitt prioritert. Vestlandsrådet ser det som uheldig at NVE planlegg tiltak som pressar fram store kostnader hos andre som eig og forvaltar konstruksjonar ved elva. Dersom NVE vurderer at nytten ved tiltaket er større enn dei samla kostnadane, må NVE bere kostnadene med ny infrastruktur i vassdraget. Kor finansieringsmidlar kjem frå vil ikkje vere ein relevant faktor i nytte/kost vurderingar av eit tiltak.

Spørsmål her er kven som har det samla ansvaret for flaumsikring og som også bør ta det samla finansieringsansvaret. Vestlandsrådet viser til den varsla stortingsmeldinga om flom- og skredpolitikken, våren 2024, og vil understreke behovet for ei endring i den statlege tilskotsordninga for flaumsikring, der også finansiering av tiltak på fylkeskommunal infrastruktur for flaumsikring av vassdrag vert inkludert.»

Med helsing

Jon Askeland
Leiar av Vestlandsrådet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

Energi- og miljøkomiteen på Stortinget
Hordalandsbenken på Stortinget
Sogn og Fjordane-benken på Stortinget
Møre og Romsdal-benken på Stortinget
Rogalandsbenken på Stortinget